

c)

Årsrekneskap

2012

for

Sparebankstiftinga Hardanger



Org. Nr. 997 534 492

Sparebankstiftinga Hardanger

Resultatrekneskap 2012

Driftsinntekter og driftskostnader	Note	2012	2011
Salsinntekter		19 710	0
Sum driftsinntekter		<u>19 710</u>	<u>0</u>
Løn, godtgjersler m.v.	3	434 105	94 840
Andre driftskostnader	3	432 455	242 282
Sum driftskostnader		<u>866 560</u>	<u>337 122</u>
Driftsresultat		<u>-846 850</u>	<u>-337 122</u>
Finansinntekter og finanskostnader			
Renteinntekter		2 489 005	501 509
Utbytte egenkapitalbevis	1, 2	9 022 310	0
Resultat av finanspostar		<u>11 511 315</u>	<u>501 509</u>
Resultat før skattekostnad		10 664 465	164 388
Ordinært resultat		<u>10 664 465</u>	<u>164 388</u>
Årsresultat		<u>10 664 465</u>	<u>164 388</u>
Som vert ført slik:			
Avsett til gåvefond		9 000 000	150 000
Avsett til anna eigenkapital		1 664 465	14 388
Sum overføringar	5	<u>10 664 465</u>	<u>164 388</u>

Sparebankstiftinga Hardanger

Balanse pr 31.12.2012


Eiga	Note	2012	2011
Anleggsmidler			
Varige driftsmidler			
Eigenkapitalbevis	1, 2	<u>340 686 546</u>	<u>322 641 942</u>
Sum finansielle anleggsmidler		<u>340 686 546</u>	<u>322 641 942</u>
Sum anleggsmidler		<u>340 686 546</u>	<u>322 641 942</u>
 Omlaupsmidler			
Fordringar			
Bankinnskot, kontantar o.l.		<u>71 858 375</u>	<u>80 390 649</u>
Sum omlaupsmidler		<u>71 858 375</u>	<u>80 390 649</u>
Sum eiga		<u>412 544 921</u>	<u>403 032 591</u>

Sparebankstiftinga Hardanger


Balanse pr 31.12.2012


Eigenkapital og gjeld	Note	2012	2011
Innskoten eigenkapital			
Grunnkapital	4	150 000 000	150 000 000
Anna innskoten eigenkapital	5	250 960 229	250 960 229
Gåvefond	6	0	1 851 210
Sum innskoten eigenkapital		<u>400 960 229</u>	<u>402 811 439</u>
Opptent eigenkapital			
Gåvefond	5, 6	7 636 148	150 000
Anna eigenkapital		1 678 853	14 388
Sum opptent eigenkapital		<u>9 315 000</u>	<u>164 388</u>
Sum eigenkapital	5	<u>410 275 229</u>	<u>402 975 827</u>
Gjeld			
Kortsiktig gjeld			
Leverandørgjeld		0	4 800
Skuldige offentlege avgifter		54 692	51 965
Løyvde, ikkje utbetalte gåver	6	2 215 000	0
Sum kortsiktig gjeld		<u>2 269 692</u>	<u>56 765</u>
Sum gjeld		<u>2 269 692</u>	<u>56 765</u>
Sum gjeld og eigenkapital		<u>412 544 921</u>	<u>403 032 591</u>


Kinsarvik, 07.02.2013
Styret i Sparebankstiftinga Hardanger



Borghild Storaas Ones
Styreleiar



Per Berge
Nestleiar


Vidar Riber
Styremedlem


Torgils L. Jåstad
Styremedlem


Turid Dagrun Haugen
Styremedlem


Jakob Dyrkollbotn
Styremedlem


Gunnar Skeie
Dagleg leiar

Note 1 Rekneskapsprinsipp

Årsrekneskapen er sett opp i samsvar med rekneskapslova. Den er utarbeidd etter norske rekneskapsstandardar.

Hovudregel for vurdering og klassifisering av eiga og gjeld

Eiga som er bestemt til varig eiga eller bruk er klassifisert som anleggsmidlar. Anna eiga er klassifisert som omløpsmidlar. Fordringar som skal betalast tilbake innan eit år er uansett klassifisert som omløpsmidlar. Ved klassifisering av kortsiktig og langsiktig gjeld er analoge kriteria lagt til grunn.

Anleggsmidlar, medrekna finansielle egedelar, vert vurdert til kostpris, men vert nedskrive til verkeleg verdi når verdifallet ikkje er venta å vera forbigåande. Anleggsmidlar med avgrensa økonomisk levetid vert avskrive etter forventa økonomisk levetid. Langsiktig gjeld vert balanseført til nominelt mottatt beløp på etableringstidspunktet. Langsiktig gjeld vert ikkje oppskrive til verkeleg verdi som fylje av renteendring.

Omløpsmidlar vert vurdert til lågaste verdi av kostpris og verkeleg verdi. Kortsiktig gjeld vert balanseført til nominelt mottatt beløp på etableringstidspunktet.

Finansielle egedelar

Finansielle anleggsmidlar der ein ikkje har betydeleg påverknad vert balanseført til kostpris. Investeringane vert nedskrive til verkeleg verdi dersom verdifallet ikkje er forbigåande. Utbytte og andre overskotsutdelingar frå selskapa vert inntektsført som finansinntekt i vedtaksåret.

Skatt

Stiftinga har ikkje erverv som føremål. Stiftinga har i 2012 motteke stadfesting frå skatteetaten på at stiftinga ikkje er skattepliktig i medhald av skattelova § 2-32.

Sparebankstiftinga Hardanger

Notar 2012

Note 2 Aksjar og eigardelar i andre føretak m.v.

Eigenkapitalbevis Sparebanken Vest	2012	2011
Tal bevis	9 604 394	9 022 310
Eigardel av eigenkapitalbevisa i Spb. Vest	30,24 %	29,48 %
Kostpris	340 686 546	322 641 942
Marknadsverdi pr 31.12.	285 250 500	286 007 227
Balanseført verdi i rekneskapen	340 686 546	322 641 942
Inntektsført utbytte; kr. 1,00 pr eigenkapitalbevis	9 022 310	0

Stiftinga har i 2012 teikna seg for 582 084 nye eigenkapitalbevis i utbytteemisjon i Sparebanken Vest. Kursen ved emisjonen vart sett til kr. 31,00 per eigenkapitalbevis. Kostpris for øvrige eigenkapitalbevis er kr. 35,76.

Eigenkapitalbevisa i Sparebanken Vest var bokført til kostpris 31.12.2011, då verdifallet var venta å vera forbigåande. Denne føresetnaden vart lagt til grunn sidan kursen på tidspunkt for avleggjing av rekneskapen (20.02.2012) var høgare enn kostprisen. Verdifallet var såleis påviseleg forbigåande.

Kurs pr. 31.12.2012 er kr. 29,70, noko som tilseier ein marknadsverdi på til saman kr. 285 250 500. Sluttkurs dagen før avleggjing av rekneskapen er kr. 36,40 pr eigenkapitalbevis. Dette tilsvarer ein marknadsverdi på kr. 349,6 millionar kr. Då dette er høgare enn stiftinga sin kostpris, er det lagt til grunn at verdifallet av eigenkapitalbevisa pr 31.12.2012 er forbigåande. Det er difor ikkje føreteke nedskriving av verdien av eigenkapitalbevisa.

Stiftinga har motteke utbytte på kr. 1,00 pr. eigenkapitalbevis i 2012. Ifølgje fusjonsplanen med Sparebanken Vest skulle stiftinga motta 50% av ordinært utbytte i 2012, som er fastsett med utgangspunkt i resultat for 2011. For seinare år vil stiftinga motta fullt utbytte.

Sparebanken Vest har gjort framlegg om utbytte på kr. 2,50 pr eigenkapitalbevis i samband med resultatframleggjing for inntektsåret 2012. Dette gir åleine ei inntekt for sparebankstiftinga på 24,0 millionar i 2013.

Sparebankstiftinga Hardanger

Notar 2012

Note 3 Lønskostnader, tal tilsette, godtgjersler tillitsvalde m.v.

Godtgjersler	2012	2011
Styrehonorar o.l.	392 500	85 750
Arbeidsgjevaravgift	41 605	9 090
Pensjonskostnader	0	0
Andre ytingar	0	0
Sum	434 105	94 840

Godtgjersla til tillitsvalde fordeler seg slik;

Rolle	Namn	Fast godtgjersle	Møtegodtgjersle og liknande	Sum
Leiar generalforsamling	Jon Olav Heggseth	10 000	9 500	19 500
Styreleiar	Borghild Ones	75 000	5 000	80 000
Nestleiar	Per Berge	60 000		60 000
Styremedlem	Torgils L. Jåstad	50 000		50 000
Styremedlem	Turid Haugen	50 000		50 000
Styremedlem	Jakob Dyrkolbotn	50 000		50 000
Styremedlem	Vidar Riber	50 000		50 000
Møtande varamedlemer	2 stk * kr. 2 000		4 000	4 000
Møtegodtgjersle generalforsamling	14 stk * kr. 1 000		14 000	14 000
Honorar jury	3 stk * kr. 5 000		15 000	15 000
Sum godtgjersler		345 000	47 500	392 500
Arbeidsgjevaravgift 10,6%				41 605
Sum lønskostnader				434 105

Selskapet tilsette dagleg leiar i 2012. Utført arbeid av dagleg leiar i 2012 er utbetalt som konsulenthonorar til næringsdrivande etter medgåtte timar med kr. 85 000 eks. mva. Dagleg leiar vil tiltre som lønsmottakar i løpet av 2013.

Styreleiar har ikkje krav på etterlønn ved avslutning av vervet. Føretaket er ikkje pliktig til å ha tenestepensjonsordning etter lov om obligatorisk tenestepensjon. Stiftinga har ingen pensjonsavtalar eller -forpliktingar.

Revisor

Kostnadsført revisjonshonorar for 2012 utgjer kr. 21 100. I tillegg kjem honorar for andre tenester med kr. 6 525. Beløpa er eks. mva.

Sparebankstiftinga Hardanger

Notar 2012

Note 4 Grunnkapital

Stiftinga sin grunnkapital er 6 mill eigenkapitalbevis i Sparebanken Vest, pålydande kr. 25, til saman kr. 150 000 000.

Note 5 Eigenkapital

Spesifisering av eigenkapitalkonti;

	Grunnkapital	Anna inn-skoten EK	Gåvefond	Anna EK	Sum eigenkapital
01.01.2012	150 000 000	250 960 229	2 001 210	14 388	402 975 827
Årets resultat			9 000 000	1 664 465	10 664 465
Utdelingar			- 1 150 063		- 1 150 063
Løyvd, ikkje utbetalt			- 2 215 000		- 2 215 000
31.12.2012	150 000 000	250 960 229	7 636 148	1 678 853	410 275 229

Utdelingar til almennyttige føremål går fram av note 6.

Sparebankstiftinga Hardanger

Notar 2012

Note 6 Gåveutdelingar

Stiftinga har delt ut følgjande beløp til ålmennyttige føremål i løpet av 2012;

Løyvd av Sparebankstiftinga Hardanger;	Beløp
Hardanger Historielag, stønad Regionhistorie Hardanger	275 000
Kulturstipend 2012 til følgjande personar;	
Amalie Skeie	25 000
Linda Lavik	25 000
Ask Helland-Hansen	25 000
Jonathan Varela Byrkjenes	25 000
Bjørnar Ekse Brandseth	25 000
Kim Hylland	25 000
Torgeir Thygesen	25 000
Sindre Ure Søtvik	25 000
Delsum	475 000
Løyvd av Sparebanken Hardanger;	
Eidfjord kommune, ordførarkjede	100 000
Granvin herad, ordførarkjede	100 000
Ulvik herad, ordførarkjede	96 000
Granvin IL, kjøp av trakkemaskin	100 000
Fotballklubben Voss	100 000
IL Harding, tidtakarsystem	75 000
Bygdahallen på Nå, nytt kjøken	30 000
Velkenstova, Hausgardane Grendalag	30 000
Utgjeving av boka "Fjorden var vegen"	41 063
Diabetesforbundet Kvam og Jondal, kjøp av PC	3 000
Delsum	675 063
Sum utdelte midlar	1 150 063

Følgjande gåveutdelingar er i tillegg vedteke, men er førebels ikkje utbetalt i påvente av realisering;

Løyvd av Sparebankstiftinga Hardanger;	Beløp
Fleirbrukshall Kinsarvik	2 000 000
Løyvd av Sparebanken Hardanger;	
Ordførarkjede (1 stk)	100 000
Utne Grannalag, nytt kjøken	30 000
Espe Grannalag, nytt kjøken	30 000
Ålvik idrettslag, div idrettsbaneprosjekt	25 000
Voss fjordhestlag, kjøp av hingst	20 000
Jondal kommune og næringsråd, skulptur	5 000
Vaksenopplæringa i Ullensvang	5 000
Sum løyvde, ikkje utbetalte gåver	2 215 000

Løyvde, ikkje utbetalte gåver er ført som kortsiktig gjeld i balansen.

Sparebankstiftinga Hardanger

Styret si årsmelding for 2012

Verksemda si art

Stiftinga sitt hovudføremål er å vera ein langsiktig og stabil eigar i Sparebanken Vest, samt å gje bidrag til almennyttige føremål. Stiftinga har kontor i Ullensvang herad.

Stiftinga har delt ut kr. 1 150 063 til almennyttige føremål i 2012. For ein nærare oversikt over stiftinga sine bidrag til almennyttige føremål vil me syna til note 6 i årsrekneskapen.

Rettvisande oversikt over utvikling og resultat

Stiftinga vart skipa 1. november 2011 som følgje av at Sparebanken Hardanger vart slått saman med Sparebanken Vest. Stiftinga har ein eigenkapitalandel på 99,4 %. Styret meiner at årsrekneskapen gjev eit rettvisande bilete av stiftinga si eiga og gjeld, finansielle stilling og resultat.

Marknadsverdien av stiftinga sine eigenkapitalbevis i Sparebanken Vest pr. 31.12.2012 er kr. 285,3 millionar. Bokført verdi tilsvarer kostpris på kr. 340,7 millionar. Marknadsverdien av eigenkapitalbevisa på tidspunktet for utarbeiding av rekneskapen er kr. 349,6 millionar kr. Styret har difor lagt til grunn at verdifallet ved årsskiftet er forbigåande, og det er difor ikkje føreteke nedskrivning av eigenkapitalbevisa. Styret syner til note 2 i årsrekneskapen.

Forskings- og utviklingsaktivitetar

Stiftinga har ingen pågåande forskings- og utviklingsaktivitetar.

Framleis drift

Føresetnaden om framleis drift er lagt til grunn i årsrekneskapen.

Arbeidsmiljø

Selskapet har ingen tilsette utanom dagleg leiar. Arbeidsmiljøet er tilfredsstillande. Det har ikkje vore skadetilfelle i 2012.

Ytre miljø

Stiftinga har ingen innsatsfaktorar eller produkt som påverkar det ytre miljø.

Likestilling

Styret praktiserer likestilling i samsvar med lover og reglar. Styret i stiftinga består av to kvinner og fire menn.


Nytting av årsoverskot

Styret gjer framlegg om at årsoverskotet vert nytta slik;


Avsett til gåvefond:	kr. 9 000 000
<u>Avsett til anna eigenkapital:</u>	<u>kr. 1 664 465</u>
Sum overføringar:	kr.10 664 465


Kinsarvik, 07.02.2013


Styret i Sparebankstiftinga Hardanger



Borghild Storaas Ones
Styreleiar



Per Berge
Nesleiar


Vidar Riber
Styremedlem


Torgils L. Jåstad
Styremedlem


Turid Dagrøn Haugen
Styremedlem


Jakob Dyrkolbotn
Styremedlem


Gunnar Skeie
Dagleg leiar